



SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOK

Formannskapet

Sak nr 64/08

Saksbehandler: Ivar Undheim

Arkiv: 010 &00

Arkivsak: 08/1728-6

Møtedato: 08.09.2008

VALLOVA - FORSLAG TIL ENDRINGAR - HØYRING

Kommunal og regionaldepartementet har sendt ut forslag til endringar i vallova til høyring med frist 30. september 2008. Ein finn heile høyringa, 81 sider, ved å gå inn på kommunaldepartementet si heimeside.

Adresse for dokumentet er:

<http://www.regjeringen.no/upload/KRD/Vedlegg/KOMM/Valg/HøyringsnotatNYYN.pdf>

Vedlagt her, berre sjølv forslaget til endring i lovteksten.

Førehandsstemming, tidlegstemmer, brevstemmer

Førehandsstemminga tek til 10. august. For nokre få er dette i seinaste laget. Departementet foreslår at det skal innførast ei ordning med tidlegstemmer som ein kan avgje frå 1. juli. Rådmannen er skeptisk til at det skal innførast enno ein variant, i tillegg til førehandstemmer, brevstemmer, framande stemmer og valtings stemmer.

Dei som oppheld seg i utlandet kan avgje brevstemme om dei ikkje kan nå nokon stemmemottakar, og har såleis alt ei alternativ ordning til førehandsstemming ved oppmøte på ein stad der ein tar imot førehandstemmer.

Rådmannen kan ikkje sjå at det er enklare å ta imot tidlegstemmer enn det er å ta imot førehandsstemmer. Viss departementet ønskjer å utvide perioden der ein kan førehandsstemme, bør ein heller flytte fram perioden for mottak av førehandsstemmer.

Ein periode var dette så tidleg som 1. juli, som nå foreslås som frist for tidlegstemmer. Oppstart av førehandsstemminga f.eks 1. august burde saman med brevstemmer for dei som er utanriks, dekkja langt over 99 % av behovet, for dei som ønskjer å stemme. Det kan i første del av førehandsstemminga leggjast opp til at dette må skje innan vanleg kontortid.

Stengetid for vallokala

I samband med ny vallov i 2002 blir fristen for avslutning av valet skyvd fram frå kl 21 til kl 20. Dvs at valet i 2003 var første valet med nasjonal siste frist kl 20.

Klepp kommune har også i tida før 2003 hatt kl 20 som siste frist. Vår oppsummering av valet for 2001, var at me for seinare val måtte setja stengetidspunktet til det seinaste lovlege, for det

er denne fristen som har fokus i media. Det pågår nedteljing mot denne fristen, for det er først då resultata kan offentliggjera. Dette er media sitt fokus og ikkje at nokre kommunar kan stenge tidlegare. Fokus er også lett Oslo saman med dei andre store byane. Desse hadde kl 21 som stengt tid.

Viss det blir vedtatt i vallova at siste stenging skal vera kl 21, ser rådmannen at også me i Klepp må innføre dette, jfr oppsummering frå 2001.

På den andre sida hadde rådmannen ønskt at kl 20 blei oppretthalde. Valdagen er alt ein lang dag for stemmestyra, og arbeidet er heller ikkje slutt når vallokalet stengjer. På same måten som avskaffing av stemmekonvoluttar tar lang tid å innarbeide, tar nok ei endring av tidspunktet for når stemmelokala stengjer, minst like lenge å innarbeide. Obligatorisk valkort har me berre hatt i eit val, og over noko tid vil dette vera viktig i at folk får med seg kva tid stemmelokalet stengjer.

Ny rett for mindretalet på minst 1/3 til å bestemme

Departementet foreslår at minst 1/3 del av kommunestyret kan bestemmer ei lengre opningstid på valdagen enn det valstyret bestemmer, og det same mindretalet kan bestemme at det skal vera sundagsval.

Rådmannen reagerer på at ein av våre viktigaste demokratilover, vallova, innfører eit i prinsippet ikkje-demokratisk prinsipp. Ein kan hevda at ei vallov også skal sikre mindretalet, men denne løysinga med å gi eit mindretal rett til å bestemme over fleirtalet, må etter rådmannen sitt syn vera heilt feil verkemiddel.

Viss Stortinget/departementet finn det så viktig å ha lang opningstid, får ein heller ta andre verkemiddel i bruk. For eksempel at departementet (fylkesmannen) må godkjenne kortare opningstid enn lova si lengste tid. For sundagsval kan staten bestemme å gje eit raust tilskot som dekkjer utgiftene til dei kommune som har sundagsval.

Heimel for valobservasjon

Rådmannen synest det er greitt at det blir innført heimel for valobservasjon også i Norge.

Sein lovendring skaper problem for planlegging av valet

Det har ved mange val, særleg kommunevala, vore eit problem at Stortinget vedtek endringar i vallova svært tett opp mot valet, kanskje berre veker før førehandsstemminga tar til, og valrundskrivet frå departementet er ikkje klart før dei ulike fristane begynnar å gå ut.

Endringar i vallova burde vore vedtatt seinast i året før valet. Dette går neppe i år heller, men det burde vera eit rimeleg krav frå dei som skal avvikle valet at endringar i vallova er vedtatt før 1. april i valåret.

Kven fattar vedtak

Rådmannen legg saka fram for formannskapet til vedtak, men om formannskapet ønskjer det er det tid til at kommunestyret behandlar saka før fristen er ute.

Vedlegg:

Forslaget til endring i vallova

Innstilling:

Forslag til vedtak:

1. Klepp kommune meiner at ein heller bør skyva fram fristen for førehandsstemmer til f.eks 1. august, i staden for å starte enno ei ny ordning med tidlegstemmer.
2. Klepp kommune meiner at ein bør halda fast på at kl 20 er lengste opningstid for vallokala.
3. Klepp kommune kan ikkje sjå at det er behov for å innføra særleg rett for eit mindretal til å avgjera deler av avviklinga av valet. Dette vil vera i strid med grunnleggjande demokratiske prinsipp.
4. Klepp kommune ser positivt på at det blir innført heimel for valobservasjon.
5. Klepp kommune ber om at endringar i vallova blir vedtatt i god tid før valet, helst i året før valet.


Formannskapet den 08.09.2008 sak 64/08

Samrøystes VEDTAK:

Tilrådinga vart godkjent.

Klepp kommune, 10.09.2008


Elfin Lea
ordfører


Wigdis B. Detlie
formannskapssekr.

Kopi til:

Kommunal- og regionaldepartementet, Postboks 8112 Dep, 0032 Oslo